



La oss gjenvinne meir

Miljøgifter finst i meir enn du trur. I 2014 jobba ÅRIM for å få inn enda meir farleg avfall.

Ein lys idé

Årleg havnar meir enn 45 millionar lyspærer på avvegar. Både gamle og nye lyspærer inneheld miljøskadelege stoff som vi vil ha til trygg behandling. I 2014 sendte ÅRIM lyspæreboxer til alle kundar.



Alle innsamla batteri blir gjenvunne



I 2012 vart 1,2 millionar tonn farleg avfall behandla ved godkjente anlegg. Omlag 62 000 tonn farleg avfall vart behandla på ukjent måte. ÅRIM hjelper folk å sortere riktig.

Miljøselskapet ÅRIM

ÅRIM (Ålesundregionen interkommunale miljøselskap) har ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall og slam. ÅRIM er eit kompetansesenter som legg vekt på miljøvennleg og effektiv drift. Vi arbeider for å gjere det enkelt å levere avfallet til riktig behandling og gjenvinning, gjennom betre informasjon og framtidretta løysingar. Selskapet er eigd av tolv kommunar; Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund, med tilsaman 100 000 innbyggjarar.

Innhald

Renovasjonsbenchmarking 2014	4	Resultatrekneskap	22
Det nye miljøstasjontilbodet	6	Balanse pr 31.12	23
Renovasjonsgebyret	8	Kontantstraumanalyse	24
Restekjærleik	10	Notar til rekneskapen	25
Følg oss gjennom fjoråret	12	Notar	27
Eit Sunnmøre utan avfall	14	Melding frå revisor	35
Ja - det nyttar	16	Administrasjonen sin rapport	37
Årsmelding	18	Miljørapport	40

Redaksjon: ÅRIM
Layout: Spirdesign
Illustrasjon: Ingvild Mork
Foto: Vasco Pinhol, Peder Otto Dybvik, Christoffer Furnes, Irene Lovund, Istockphoto, Loop

Renovasjonsbenchmarking 2014

Godt tenestetilbod til kundane



Dagleg leiar, Øystein Solevåg

Ei fersk bransjeundersøking viser at åtte av ti er fornøgdde med renovasjonstenesta ÅRIM utfører. Dette er eit godt resultat. Undersøkinga viser samtidig at selskapet har lågare score på tenestestandard enn resten av landet.

Årleg bransjeundersøking

ÅRIM har vore med på ei landsomfattande undersøking, der renovasjonsverksemdar som dekkjer 145 kommuner deltok. Benchmarkinga gir eit bilete av korleis ÅRIM arbeider samanlikna med tilsvarande selskap.

Renovatørane gjer ein god jobb

- Vi er godt fornøgdde med resultatene i undersøkinga, seier dagleg leiar i ÅRIM Øystein Solevåg. Resultatet viser at renovatørane våre gjer ein ekstra god jobb, og at vi leverer ei god teneste til innbyggjarane. Det er viktig at det mest elementære i tenestene fungerer. At folk er litt meir tilfredse med innsamlinga enn elles i landet er gledeleg å sjå.

Selskapet sine prioriteringar

Benchmarkinga er gjennomført av Avfall Norge. Rådgivar Erland Eggen har

arbeidd med renovasjonsbenchmarkinga i Noreg sidan 2003. Eggen forklarer at å score høgt på eit område naturleg gir lågare score på eit anna.

- Å score bra, betyr at selskapet presterer middels eller betre enn middels på dei resultatområda som er viktige for verksemda og for kundane. Kva dette er, kan likevel variere frå stad til stad. Å oppnå høg score på eit resultatområde, er ikkje nødvendigvis idéelt om det fører til for lav score på andre prioriterte område.

Slik er det òg for ÅRIM. Selskapet scorar høgt på systemeffektivitet men lågare enn andre selskap på tenestestandard. Solevåg fortel at dette viser at selskapet har følgd eigarane sine prioriteringar.

- Eit selskap kan ikkje vere best på alt, men arbeider etter sine prioriteringar. Eigarane til ÅRIM har lagt vekt på at selskapet skal arbeide kostnadseffektivt. Det har gitt høg score på systemeffektivitet.

- At ÅRIM dermed viser eit lågare resultat på tenestestandard samanlikna med resten av landet, er noko vi skal vere merksame på. For oss blir det viktig å både arbeide smart, og samtidig arbeide for å løfte standarden.

Solevåg meiner det er interessant å samanlikne ÅRIM og RIR, som samlar inn avfall i Romsdal. Dei to selskapa har gjort ulike prioriteringar.

- RIR scorar høgare på arbeidsmiljø og tenestestandard. Der RIR er gode, er ÅRIM svakare - og motsett.

Benchmarkinga er difor eit verktøy som viser kva utslag vi kan forvente når vi prioriterer. RIR har blant anna fleire dunkar og samlar inn matavfall, dette påverkar både gjenvinningsgrad og tenestestandard positivt.

Eggen legg vekt på at undersøkinga er med på å profesjonalisere renovasjonsselskapa.

Interessant å samanlikne seg med andre

- Profesjonell leiding krev konkrete målsettingar og muligheter for å måle resultatene og identifisere avvik og

forbettringsmuligheter. Benchmarkinga er med på å skape eit tillitsfullt samarbeid mellom eigarar, styre, leiding og tilsette gjennom felles forståing for muligheter og utfordringer.

Eit styringsverktøy

- Ja, funna gir nyttig informasjon og er eit godt verktøy for selskapet, avsluttar Solevåg. Resultata gjer det mulig å finne og bruke dei beste løysingane, og dele kunnskap mellom selskapa. ÅRIM var med for første gong i 2014. Benchmarking gjer at vi får eit bilete over korleis vi styrer selskapet si utvikling over tid.

Systemeffektivitet seier noko om kor kostnadseffektivt selskapet handterer renovasjonsoppgåva i området, i forhold til kva som er mulig. Oppgåva er gitt av transportavstandane i området og til sluttbehandling.

Tenestestandard seier noko om kor stor eller kor mange dunkar kunden har, kor ofte selskapet hentar avfallet og kva mottakskapasitet selskapet har på miljøstasjonar, og korleis kunden opplever selskapet sin service.

KVIFOR BENCHMARKING



- Openheit rundt monopolverksemda
- Betre innsikt i eiga verksemd
- Effektivisering og kvalitetssikring av intern og ekstern rapportering
- Vidareutvikling gjennom å synleggjere resultatavvik og betringmuligheter
- Konsekvensvurdering av alternative drifts- og systemløyningar
- Systematisk læring og samarbeid med andre verksemdar for å utvikle betre løysingar.



Modellen viser korleis selskapa er rangert, i forhold til kva som er mogleg. Høgt rangerte punkt viser positive score på eit område i forhold til andre selskap. Lave punkt i modellen viser svakare score. Selskap som har høg score på gebyrnivå, har lavt gebyr.

Det nye miljøstasjonstilbudet

Seks hundre kilo utan å opne lommeboka



No kan du kaste gamle møblar, syklar og madrassar utan å betale når du leverer avfall. Du kan òg bruke fleire miljøstasjonar. ÅRIM tok over ansvaret for miljøstasjonane 1. januar 2015. Vi er i gang med dei første endringane.

Miljøstasjonkort med kvote

Miljøstasjonane er dei same. Dei tilsette og opningstidene er omlag som før. Det nye er at alle som betaler renovasjonsgebyr har fått miljøstasjonkort med kvote. Med kortet kan folk levere avfall på miljøstasjonen - utan å betale ved levering. Du kan levere seks hundre kilo grovavfall, noko som er langt meir enn folk flest har behov for. I tillegg kan du levere tusen kilo farleg avfall, ee-avfall og hageavfall.

Utprøvd og populær ordning

Ordninga har vore utprøvd i Skodje, Sula og Sykkylven kommunar i fleire år, og har vore populær. Det vil ta ein periode før den nye ordninga har gått seg til, men ÅRIM forventar at folk i dei andre kommunane vil bli like fornøgde med tilbudet som dei tre andre er, etterkvart som dei blir kjent med ho. No blir kostnadane for miljøstasjonane ein del av renovasjonsgebyret, dette vil gi oppleving av at det er enkelt å levere avfall.

Eit betre tilbod

At du kan bruke miljøstasjonar på tvers av kommunegrensene er særleg relevant for dei som bur nær fleire stasjonar, som har hytte i ein annan kommune, eller som pendlar. Eit døme er for dei som bur i Liabygda i Stranda kommune. No kan dei like gjerne bruke miljøstasjonen i Norddal, som i Stordal eller på Stranda. Stasjonane, som er opne på ulike dagar, ligg også praktisk til for folk i Ålesund som har hytte i Norddal, Stranda og Stordal. Miljøstasjonkortet gjer at fleire får eit betre tilbod.

Hyttekvote

Folk som har hytte eller fritidsbustad og betaler for renovasjon, får eige miljøstasjonkort med kvote. Der er kvoten 200 kilo grovavfall og 400 kilo farleg avfall.

Kun for private

Kortet er kun for private og skal ikkje brukast av næringsaktørar. Kortet er òg eit tiltak for å sortere ut næringsaktørar som leverer som private. Næringskundar har tilbod om eigne kort, der dei kan få tilsendt faktura for avfallet dei leverer.

Her er miljøstasjonane:


- Giske - Gjøvundneset
- Haram - Nøsa
- Norddal - Djupøyna
- Sandøy - Breivika
- Stordal - Vinjesanden
- Stranda - Kjølén
- Sykkylven - Jarnes
- Vestnes - Øveråsli
- Ørskog - Sjøholtstrand
- Ålesund - Bingsa

Sjå plassering og opningstider på arim.no

Med miljøstasjonkort kan du årleg levere:

600 KILO GROVAVFALL

- Møblar
- Madrassar
- Sportsutstyr
- Tepper
- Trevirke og diverse bygningsmaterial



1000 KILO FARLEG AVFALL



- Måling
- Lim og lakk
- Asbest
- Kjemikalier
- Løsemiddel



HAGEAVFALL FRITT



- Greiner og skat
- Gras- og plenavfall
- Blomster og plantar




EE-AVFALL FRITT

- Lysrør, lyspærer
- Kablar og leidningar
- Batteri
- Elektriske leike
- Elektrisk verktøy




ALLE TYPER ARTIKLAR DET HAR GÅTT STRAUM GJENNOM



Bruk av kvote for farleg avfall, EE-avfall og hageavfall forutset at du leverer reint lass. Blanda lass går som grovavfall.

Renovasjonsgebyret - utvikling

Renovasjonsgebyret 2015



Renovasjonstenesta frå ÅRIM kostar kr 1 800 utan forbrenning og 2 230 med forbrenning i 2015. Oppå dette har kommunane sine kostnader. Prisvariasjonane deira blir blant anna påverka av fond og administrasjon. Åtte av kommunane har sjølve utgifter til forbrenning av restavfall. *Sandøy kommune betaler ÅRIM for å fakturere innbyggjarane. **Kundar i Sula betaler eit tillegg for å få dunken henta ved husvegg. Alle prisar er eks mva.



STANDARDABONNEMENT


140 l restavfallsdunk, henting kvar veke

140 l/240 l papiravfallsdunk, henting kvar 4. veke

Plastemballasjesekk, henting kvar 4. veke

Miljøstasjonkvote:
 • 600 kilo grovavfall
 • 1000 kilo farleg avfall
 • 500 kilo PCB-vindauge
 • EE-avfall og hageavfall

Kommunane sine samla renovasjonsgebyr til abonnenten



Renovasjonsgebyret frå ÅRIM inkluderer kvote på miljøstasjonen frå 2015. Alle som betaler renovasjonsgebyr kan levere ei gitt mengde avfall utan å betale på miljøstasjonane



Du står med gårsdagens brød i hendene. Skal du spise eller kaste det? Stopp opp litt - akkurat der. Det du har i hendene, er ein sjans til å spare miljøet og pengar på samme tid.

Vi skal snakke meir om havrebrødet ditt, men la oss først følgje familiemannen, som vi kallar Petter, på handletur. Petter fyller handlevogna si og kjem heim med fire fulle bereposar med mat. Han plasserer varer frå tre posar i hyller og

skap. Den fjerde posen, fylt med ferske brød, frukt og middagsmat, kastar han rett i søpla. For Petter er ein heilt vanleg mann, som i gjennomsnitt kastar kvar fjerde matvarepose han handlar. Maten er fullt spiseleg, mykje av emballasjen er uopna.

Petter sin familie på fire, kastar eit brød i veka. For å produsere dette brødet brød har Nobels Fredssenter rekna ut at det blir brukt over to kvadratmeter matjord. Når nordmenn kastar hundre og nitti tusen brød kvar dag, trengs fire hundre mål matjord berre for å produsere brød som aldri blir spist.

Petter

4 matvareposar



Petter hiv kvar fjerde pose rett i søpla.



Nordmenn kastar hundre og nitti tusen brød i søpla kvar dag!

For gårsdagens brød, som du står med i handa, blir ofte vurdert som avfall. Det samme blir nylig utgåtte egg, ostar, rømme eller litt slappe grønnsaker. Dette er eit miljøproblem vi heldigvis kan gjere noko med.

«Best før» betyr ikkje «dårleg etter». Grunnen folk først og fremst oppgir for å kaste mat, er at maten er utgått på dato. Øydelagt mat skal ein sjølvsagt ikkje spise, men merkinga «best før», viser tidspunktet for når produsenten meiner at maten er på sitt beste. Etter denne datoen bruker du sansane dine. Luktar maten godt? Ser fargen frisk ut? Smakar maten normalt? Produkt som egg, yoghurt, ost og rømme kan tåle lang tid etter datoen. Bli trygg på eiga vurdering - her kan du stole på sansane dine.

Set deg eit miljømål . Østfoldforskning sin rapport om matsvinn i 2013 viser at ein familie på fire kastar om lag fire brød,

fjorten bananar og seks tallerkar med middagsrestar kvar måned. Om Petter og familien bestemmer seg for å redusere matavfallet med 25% i 2015, er dette eit mål dei når - om dei vil. Ved å gjere nokre gode grep i handlerutiner og matlaging, kan dei redusere både miljøbelastning og eigen pengebruk.

I følgje SSB, brukte kvart hushald over femti tusen kroner på mat og drikke i 2012. Når familien kastar ein fjerdedel av maten, betyr dette at familien kan spare godt over tusenlappen kvar måned på å kjøpe riktig mengde mat.

La restematen bli starten på ein ny rett Så står du der altså med gårsdagens havrebrød og vurderer kva du skal gjere med det. Kva om du lagar krutongar av det, bakar det inn i ei ny brøddeig eller ganske enkelt ristar brødsnivene? Treng du inspirasjon og gode idéar, er nettet fullt av gode idéar. Å gjere miljøsmarte val er noko både du og miljøet tener på.

Kjelde: SSB, Forbruksundersøkelsen, 2012



Når familien kastar ein fjerdedel av maten, betyr dette at familien kan spare godt over tusenlappen kvar måned på å kjøpe riktig mengde mat.

Visste du at...

EGG held seg lengre enn merkinga viser. Legg eit egg i vatn. Synk det til botnen, kan du spise egget. Egg som flyt er utgått.

MEIERIPRODUKT held ofte fleire veker etter datoen er passert.

OST blir ofte betre etter datomerkinga.

Ha litt vatn på brød som ikkje er ferske -legg dei i varm omn og du har eit «ferskt» brød

Bad slappe grønnsaker i kaldt vatn, så blir dei friskare.

Hugs at vakuumpakka mat luktar når du opnar. Lukta forsvinn når kjøtet er spiseleg



Tre enkle tips:

Planlegg matinnkjøp

Skriv handleliste og planlegg riktig mengde mat. Unngå impuls kjøp.

Restetorsdag kvar veke

Restar er starten på ein ny rett. Bruk nettet og finn nye oppskrifter med restar som basis.

Tips: restemat.no

Stol på sansane - det går bra

Best før betyr at du kan vurdere sjølv. Lukt på maten, sjå på fargen. Virkar maten grei, så er han gjerne godt eigna.

Følg oss gjennom fjoråret

Parallelt med dagleg drift og kundeoppfølging, har selskapet ei rekke prosjekt og nye oppgåver. Her er nokre av oppgåvene som fylte fjoråret.

Januar
2014

Lettare å levere glas- og metall

Fleire innbyggjarar kan no levere glas- og metallemballasje nær der dei bur. ÅRIM har oppretta ti nye punkt. Det er særleg Haram og Stranda som har fått betre dekning. Dette er eit tiltak for å få større ressursar ut av avfallet. På stader med ekstra harde verforhold har ÅRIM sikra konteinarene med betongplater og stropper for å hindre at vinden tek dei.



Ansvar for fakturering

ÅRIM tok over ansvar for fakturering av næringskundar i seks nye kommunar i 2014. No har ÅRIM ansvar for å få på plass kontrakter, følge opp avtalar og kundeforhold, og fakturere tilsaman åtte kommunar innan næring. Selskapet har òg fått ansvar for å fakturere hushaldskundane i Sandøy. ÅRIM si erfaring er at overgangen har gått bra.

Vinnar av returkartonglotteriet



ÅRIM sender inn kartongar til fire årlege trekkingar i Grønt Punkt sitt kartonglotteri. I 2014 vann Tandstad Barnehage i Sykkylven, og vi delte ut ein gevinst på ti tusen kroner. Pengane kom godt med for gjengen som ønska seg både grønnsakshage, lego og kaptein Sabeltann-utstyr.

Hytte- og fritidsrenovasjon

Fleire av kommunane innførte fritidsrenovasjon i 2014. ÅRIM har plassert ut konteinarar og informert om tilbodet. Selskapet har også gjort eit omfattande arbeid med å registrere kven som skal betale renovasjon. Renovasjon for alle med hytte eller fritidsbustad er innført over heile landet og har heimel i forurensningsloven. Forventingane er at alle eigarkommunane har tilbod om fritidsrenovasjon på plass i løpet av 2015.



Betre informasjon etter slamtømming

Når slamtankane blir tømt, blir dei også kontrollerte. I ein del tilfelle oppdagar vi feil og manglar. Tidlegare år har ikkje kundane fått informasjon om desse. ÅRIM har no starta å sende ut brev som informerer om funn. Døme på avvik vi informerer om er lokk som manglar eller defekte delar.

Vi har òg tilfelle der manglande tilkomst har forhindra oss frå å tømme tanken. Med meir informasjon og betre kjennskap til gjeldande krav, trur vi at fleire vil klargjere tanken for tømning før tankbilen kjem.



Kampanje for å få inn meir miljøfarleg avfall

Selskapet etablerte eit nytt tilbod for å gjere det lettare å levere miljøfarleg avfall; ein mobil miljøstasjon som reiser rundt i bydelar og bygder i eigarkommunane. ÅRIM informerte grundig i forkant, og tilbodet vart godt brukt. ÅRIM deltok også aktivt i ein nasjonal informasjonskampanje som skal auke kunnskap om farleg avfall, og kva folk skal gjere med dette.



Kontroll av leverandørar

ÅRIM foretok sjekk av løns- og arbeidsvilkår av tre underleverandørar, for å sjekke om selskapa driv etter krava som står i kontraktene ÅRIM har med dei. Kontrollen viste at selskapa hadde ryddige forhold og avdekte ingen avvik.

Risikovurdering på miljøstasjonane

I samanheng med overtakinga av ti miljøstasjonar har ÅRIM gjennomført risikovurdering saman med bedriftshelsetenesta. Fleire tiltak er iverksett, blant anna innkjøp av diverse verneutstyr. Støy- og støvmåling vil bli utført i vår.

Miljøstasjonkort med kvote til alle frå 2015

ÅRIM har jobba for å etablere eit effektivt system som gir kontroll på avfallsmengder, registrerer kva mengder av dei ulike avfallstypene miljøstasjonen har, og gir grunnlag for betaling. Alle som betaler renovasjonsgebyr har fått tilsendt miljøstasjonkort med kvote for ulike avfallstypar. Kortet er ein del av dette systemet. Etablering av system og rutiner får høg prioritet i selskapet, også i 2015.

MILJØSTASJONKORT 2015

ÅRIM ute i skular og barnehagar

Barn og unge viser stor interesse for miljø. ÅRIM besøker skular og barnehagar på forespørsel, eller inviterer dei unge til oss. Vi informerer om kjeldesortering og kva avfallet vi samlar inn blir til, og legg vekt på å skape engasjement gjennom leik og aktivitetar. Vi har ein del utstyr til utlån.



Renovasjonsbenchmarking

ÅRIM deltok på ei renovasjonsbenchmarking saman med tilsvarande selskap rundt om i Noreg. Undersøkinga gir eit godt bilete av selskapet, og korleis ÅRIM leverer samanlikna med andre selskap i landet. Resultata er nyttig som analyse, og gir kunnskap for å kunne ta gjennomtenkte strategiske val for framtida.

Overtaking av ti miljøstasjonar

Hausten 2014 vedtok representantskapet at ÅRIM skulle ta over ansvaret for miljøstasjonane i eigarkommunane frå 1. januar 2015. Administrasjonen har hatt eit omfattande arbeid med å få oversikt over tenestetilbodet, kostnader, avfallsstraumane, utviklingsmuligheiter, og å halde framdrift i prosessen.

Lett på kroken

Elevbedrifta Lett på kroken brukte ÅRIM som mentorbedrift da dei utvikla krok for plastsekkar. Jentene gjekk til fylkesfinalen og vidare til NM. Dei fekk òg ein ekstarordinær innovasjonspris utdelt av Avfall Norge. ÅRIM testar no ut krokane i Stordal og Sandøy kommunar, og vurderer å dele dei ut i heile Ålesundregionen.



Eit Sunnmøre utan avfall

Dei siste tjue åra har vi meir enn dobla mengde hushaldsavfall i Noreg. Samtidig er behovet for å få tak i ressursane i avfallet større enn nokon gong. Korleis skal vi møte desse utfordringane på Sunnmøre?

Tida er inne for å løfte blikket framover.

EU har sett eit mål om at halvparten av avfallet som oppstår skal gå til materialgjenvinning innan 2020. Snittet for hushaldsavfall i Noreg i 2013 var 39 prosent. Eit forslag om å skjerpe krava frå 2030 er til behandling i EU-kommisjonen.

Sjølv om Sunnmøre har hatt ei positiv utvikling dei siste åra, ligg vi framleis under landsgjennomsnittet. Avfall har verdi som råvare, dette gir grunnlag for verdiskaping. I dag sender Sunnmøre i stor grad desse råvarene ut av regionen. Den lovpålagde innsamlinga og handteringa av hushaldsavfall

på Sunnmøre blir i dag utført av tre interkommunale selskap, ÅRIM, VØR og SSR. I 2014 har desse selskapa innleia eit samarbeid for å greie ut korleis vi kan løyse dei felles utfordringane på avfallsfeltet.

VØR (Volda og Ørsta Reinhaldsverk):

Volda og Ørsta. Omlag 20 000 innbyggjarar.

SSR (Søre Sunnmøre Reinhaldsverk):

Sande, Ulstein, Hareid og Herøy. Omlag 25 000 innbyggjarar.

ÅRIM (Ålesundregionen

Interkommunale Miljøsekskap):

Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven, Sula, Vestnes, Ørskog og Ålesund. Omlag 100 000 innbyggjarar.

"La oss gjenvinne meir, saman tek vi vare på ressursane."



Foto: Einar Heimdal (SSR), Øystein Solevåg (ÅRIM), og Petter Bjørdal (VØR)

Gjennom samarbeidet mellom selskapa skal ein avklare kva tiltak som er nødvendige for å nå EU sitt mål om gjenbruk av 70% av avfallet. Her må vi sjå på kva avfallstypar det er hensiktsmessig å hente hos folk, og kva avfallstypar som bør sendast til kva gjenvinning. EU har òg mål om at avfall til forbrenning skal reduserast til 30% og at 50% av matavfallet skal til materialgjenvinning.

Med dette som grunnlag må selskapa vurdere om det er hensiktsmessig at ein auka del av verdiskapinga knytt til ombruk og gjenvinning kan sikrast i vår region, framfor å sende avfall til gjenvinning i andre regionar. Vi må avklare kva som er den mest hensiktsmessige behandlinga av matavfall frå vår region, og planleggje kva grad av ettersortering som gir best uttelling. Vi må og vurdere kva synergjar der kan vere mellom avfallsforbrenningsanlegget i Ålesund og nye gjenvinningsløyser.

Samarbeidet er forankra i styre og representantskap i dei tre interkommunale selskapa, og dei daglege leiarane har vore i møte hos Sunnmøre Regionråd. Konkrete tiltak må forankrast i eigarorgana og i eigarkommunane.

Styreleiar har ordet:

Ja - det nyttar!

ÅRIM si utviklande ungdomstid er på veg over til ein meir etablert fase. Selskapet har blitt det miljøsekskapet og kompetansesenteret eigarkommunane bestilte.



Reidar Andresen,
styreleiar

Kompleks bransje

Å arbeide med avfall involverer ei rekke fagområde utover det du ser i det daglege. Nokre stikkord er jus, sjølvkost, offentlege innkjøp, ressursutnytting, informasjon og HMS. Bransjen må etterleve eit breitt omfang av lover, forskrifter og krav. Mange som møter avfallsbransjen blir overraska over kompleksiteten, og at dette er i ferd med å bli ein høgteknologisk og nyskapande bransje innan fleire

fagområde. Det er desse utfordringane og framtidsmuligheitene som gjer arbeidet med å utvikle ÅRIM interessant.

God dynamikk mellom styringsorgana

Representantskapet i ÅRIM er selskapet sitt høgste organ. Det er her dei tolv kommunane utøver, og kan utøve si eigarstyring. Det er i representantskapsmøta kursen blir vedteken. Her kan eigarane påverke selskapet og gi styringsignal gjennom representantane sine.


Styret består av personar som dekker sentrale kompetanseområde for selskapet, og arbeider for å følgje opp selskapsavtalen og vedtak i representantskapet. Styret legg vekt på å skape god dynamikk mellom representantskap, styre og administrasjon. Stødig kurs for selskapet er avhengig av langsiktige mål og god dialog med eigarane.

No kjem stordriftsfordelane

Da kommunane etablerte ÅRIM var stordriftsfordelar eit vesentleg punkt. No byrjar desse fordelane å kome til syne, noko miljøstasjonane er eit godt døme på. At ti miljøstasjonar blir drivne under eitt, gjer at kundane kan bruke fleire stasjonar og selskapet kan samordne større avfallsstrøumar og oppgåver. I staden for at kommunane lagar ti ulike løysingar, lagar selskapet no fellesløysingar. Gevinstane av dette vil bli enda tydelegare med åra.

Avfall=ressurs

Avfallsbransjen i Noreg forventar at landet skal innrette seg etter EU sine auka ambisjonar om materialgjenvinning og ombruk fram mot 2030. Dette vil krevje omleggingar i måten avfallet blir handtert, både i Ålesundregionen og i samfunnet elles. Krava til avfallssektoren vil auke, og behovet for profesjonell drift vil bli vekse. Avfall er i ferd med å bli ei attraktiv råvare. Ditt bidrag ved å levere avfall til gjenvinning, er med på å påverke vår felles framtid.



SELSKAPET SITT FØREMÅL

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM) er eigd av kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog, Ålesund, Vestnes, Sandøy, Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjartalet i kvar kommune. Selskapet sin administrasjon ligg på Moa i Ålesund kommune.

ÅRIM utfører dei lovpålagde oppgåvene medlemskommunane har innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet gir tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk forsvarleg. Selskapet legg vekt på miljøvennleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet tek sjølv avgjerd om i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og menneskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande. ÅRIM er eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane, og driv eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling.

AKTIVITETEN I 2014

Selskapet har ansvar for innsamling av restavfall, papir og plastemballasje frå alle hushaldskundar i regionen. Innsamlinga blir i hovudsak utført av RenoNorden AS. Selskapet har også ansvaret for innsamling av slam frå separate avløpsanlegg i regionen. Dette arbeidet blir utført av Miljøservice AS. ÅRIM har dessutan ansvaret for innsamling av glas- og metallemballasje frå om lag 90 returpunkt i regionen. Frå 1. august 2014 er det Stranda Gjenvinning & Transport AS som har hovudansvaret for denne innsamlinga.

Tema for den nasjonale kommunikasjonskampanjen til AvfallNorge i 2014 var miljøfarleg avfall. ÅRIM har teke aktivt del i kampanjen, og selskapet har innført grende- og bydelsinnsamling av miljøfarleg avfall i heile regionen. Som ein del av satsinga på miljøfarleg avfall er det i samarbeid med Ålesund kommune, Reknes AS og Franzefoss Gjenvinning AS innført nye rutinar for mottak, transport og gjenvinning av farleg avfall frå miljøstasjonane. Frå 1. juli 2014 blei det også inngått ny avtale med Stena Recycling AS om mottak og gjenvinning av elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall).

I 2014 har ÅRIM utarbeidd forslag til endringar av forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen. Den viktigaste endringa var innføring av hytte- og fritidsrenovasjon i alle kommunane i regionen; tidlegare har det vore ei oppfatning at det var valfritt for kommunane å innføre slik ordningar. I samband med fastsetjing av ny rettleiing for sjølvkost slo Miljødirektoratet fast at fritidsrenovasjon er ein del av det lovpålagde tilbodet selskapet skal tilby innbyggjarane. ÅRIM har starta arbeidet med å få på plass hytterrenovasjon i dei sju kommunane som ikkje hadde innført hytterrenovasjon ved

starten av 2014. Nye sjølvkostretningslinjer frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Miljødirektoratet har ut over dette ikkje hatt stor påverknad på ÅRIM si drift; selskapet var allereie godt tilpassa dei nye reglane.

ÅRIM har i 2014 hatt ansvar for kundeforholdet til næringskundane i Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula og Vestnes. Frå 1. januar 2015 er dette ansvaret utvida til også å gjelde næringskundane i Giske. ÅRIM inngår kontraktar, fakturerer og følgjer opp kundeforholda.

Frå og med tredje kvartal 2014 tok ÅRIM over ansvaret for kundeforholdet for renovasjons- og slamabonntane i Sandøy. Det er no ÅRIM som sender ut faktura for renovasjon og slamtømming, og som er ansvarleg for innfordring. Som ein del av dette vil selskapet også få ansvaret for sjølvkostfonda innan hushaldsrenovasjon og slam i Sandøy.

Kundesenteret har opplevd generell auke på omfang av kundehenvendingar gjennom året. Områda som har hatt merkbar auke er slam, fritidsrenovasjon og dunkbestillingar. Auke i utsendt informasjon skaper òg aktivitet, som forventet. Selskapet har daglege kundebesøk. ÅRIM vurderer tilgjenge og responstid som tilfredsstillande, men har høysesongar med høgt trykk og lengre responstid.

ÅRIM deltok i ei bransjeundersøking, der renovasjonsverksemdar som dekker 145 kommunar var med. Resultata viser at åtte av ti er fornøgde med renovasjonstenesta ÅRIM utfører, dette er om lag som landsgjennomsnittet. Å delta på benchmarkinga gjer at ÅRIM ser korleis selskapet arbeider samanlikna med tilsvarende selskap, og at selskapa kan lære av arbeidsmetodane til kvarandre. Undersøkinga blir gjennomført kvart andre år.

Selskapet gjennomførte i desember 2014 ei omorganisering for å tilpasse organisasjonen til dei nye oppgåvene selskapet tek over frå 2015.

FRAMTIDSUTSIKTER

ÅRIM sitt mål er å drive så kostnadseffektivt som mulig, samstundes som selskapet tek miljømålsyn. Det viktigaste for å få på plass dette er at oppgåver blir gjort ein gong på ein stad, gode støttesystem, likt tenestetilbod og fokus på hovudtenestene.

22. oktober 2014 vedtok representantskapet at ÅRIM frå 1. januar 2015 har ansvaret for dei 10 bemanna miljøstasjonane i regionen. Arbeidet med å førebu overtakinga har vore omfattande i 2014. Selskapet har lagt ned omfattande arbeid i å få oversikt over kostnadene ved miljøstasjonstilbodet slik det blir drive i dag, samt i å utforme mål for og krav til det framtidige miljøstasjonstilbodet. ÅRIM har som ein del av arbeidet også inngått ei rekkje avtalar med

grunneigarar, kommunar og andre verksemdar med ulike roller i miljøstasjonstilbodet. Arbeidet med å vidareutvikle og harmonisere miljøstasjonstilbodet held fram også i 2015.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut forslag til endring i Lov om interkommunale selskaper. I høyringsutkastet legg ein opp til at eigarane ikkje lenger skal garantere for all gjeld i interkommunale selskap som ein gjer i dag. Formålet med å gjere om interkommunale selskap til selskap med avgrensa ansvar er å gje selskapa like konkurransevilkår som private føretak når det gjeld låneopptak. Dette kan få store konsekvensar for ÅRIM. Det er ennå for tidlig å seie noko sikkert om utfallet av saka. ÅRIM vil følgje saka nøye. Frist for høyringa er februar 2015.

EU arbeider med nye og meir ambisiøse krav til grad av gjenvinning av avfall. Dette er noko som vil påverke ÅRIM sine val av løysingar for renovasjon i åra som kjem. Selskapet har i 2014 innleia samarbeid med Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS og Volda Ørsta Reinhaldsverk IKS med sikte på å greie ut felles gjenvinningsløysingar i regionen.

RESULTAT OG UTVIKLING

Inntekter

Selskapet hadde totalt inntekter på 85 364 118 kroner i 2014 mot 70 118 253 kroner i 2013. Av inntektene kom 73 860 247 kroner frå tenester som blei levert til eigarkommunane i 2014. I tillegg var finanspostane positive med 1 100 919 kroner.

Kostnader

Driftskostnadane for året var 84 555 996 kroner, mot 72 415 146 kroner i 2013. Varekost (innsamling, gjenvinning, sluttbehandling og materiell) var på 61 391 855 kroner. Kostnadane til løn og honorar var 8 429 328 kroner, mot 7 047 488 kroner i 2013.

Resultat

Resultat er 849 010 kroner etter skatt, mot minus 1 959 550 kroner i 2013. Budsjettert resultat var på minus 329 081 kroner. Resultatendringa i forhold til budsjett skuldast i hovudsak høgare tømmeaktivitet for slam enn forventet.

Investeringar

Selskapet investerte for totalt 3 204 612 kroner i 2014. Det vart i hovudsak investert i innsamlingsutstyr. Det er tatt opp eit lån for å finansiere investeringane. Investeringane blei finansierte med likvidar inntil lån vart utbetalt i 2014.

Likviditet

Likviditeten i selskapet var god i 2013. I 2014 er det budsjettert med underskot. Likviditeten i 2014 er venta å vere tilfredsstillande.

Næringsverksemd og skatt

ÅRIM skil mellom tenester som er sjølvkosttenester (tenester til handtering av hushaldsavfall og slam) og tenester som ikkje er sjølvkosttenester. Det skal ikkje vere noko kryssubsidiering mellom dei ulike tenestene. For ÅRIM er ikkje renovasjon til næringskundar ein del av sjølvkosttenestene. Resultatet for næringsverksemda er skattepliktig. Der inntekter og kostnader ikkje kan førast direkte til ei av tenestene blir dei fordelte basert på nøklar. Nøklane er mellom anna basert på dunkvolum tømd, talet på kundar og administrasjonen sin tidsbruk. Resultatet for næringsverksemda var i 2014 før skatt 2 355 488 kroner. Etter skatt var resultatet 1 295 457 kroner.

Analyse

Resultatet for selskapet er betre enn budsjett. Dette skuldast fleire forhold.

Inntektene er om lag 1,5 millionar kroner høgare enn budsjett. Dette skuldast i hovudsak 1,8 millionar kroner meir i slaminntekter. Næringsrenovasjon var 15 000 kroner over budsjett og hushaldsrenovasjon 285 000 kroner lågare enn budsjett.

Varekosten var 228 000 kroner under budsjett. Dette, trass i meir slamtømming enn budsjettert, totalt 1,4 millionar kroner. Kvaliteten på budsjettgrunnlaget (talet på slamkundar og når dei skulle tømast) var ikkje tilfredsstillande. For hushaldsrenovasjon var varekosten 538 000 kroner lågare enn budsjett, av dette utgjør energigjenvinningskostnader 226 000 kroner. Næringsrenovasjon hadde 662 000 kroner lågare varekost enn budsjett.

Personalkostnadane og driftskostnadane er 167 000 over budsjettert. Løn er 889 000 kroner under budsjett, men det var ein meirkostnad på 1,1 million kroner for leige av miljøstasjonane i Ålesund som ikkje var budsjettert. Det er eit mindreforbruk på 488 000 kroner på kjøp av framande tenester (konsulentar, advokatar, etc.). Kontorkostnadane er 218 000 kroner over budsjett. Dette skuldast innføring av ny IKT-plattform og kjøp av utstyr og system til miljøstasjonane.

Netto endring i kontantstrøm i løpet av året er minus 3,0 million kroner. Det er ein auke på 3,9 million kroner brukt på operasjonelle aktivitetar, 3,2 million kroner er brukt på investeringar. Frå finansieringsaktivitetane er det ein effekt på 4,1 million kroner. Av dette er 3,3 million kroner eit lån.

FINANSIELL RISIKO

Den finansielle risikoen som følgje av renteendringar er låg. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet har blitt redusert i løpet av året, men ikkje så mykje som budsjettert. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er tilfredsstillande til å handtere dei oppgåvene selskapet utfører. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er likevel ikkje stor nok til å kunne handtere vesentlege negative sjølvkostfond.

Sidan kostnadane til eigarkommunane vil vere baserte på sjølvkost, vil risikoen knytt til framtidige resultat i ÅRIM vere liten.

Sjølv om kostandane var usikre rundt overtakinga av miljøstasjonstilbodet, meier selskapet at likviditeten i selskapet er god nok til å handtere dette.

Kredittrisikoen er liten ettersom ÅRIM har mange kundar og kvar kunde utgjør ein liten del av omsettinga.

MARKNADSRISIKO

ÅRIM sine kostnader og inntekter er avhengig av råvareprisen på avfall. I 2015 skal fleire store avtalar lysast ut. Dette gjeld forbrenning av restavfall, kjøp av sekkar og dunkar, samt papir og plastemballasje. Prisane på desse varene og tenestene er delvis avhengig av valutakursar og råvarepriser. ÅRIM ser det ikkje som nødvendig å gjere sikringar av desse.

For andre avtalar selskapet har, er prisutviklinga knytt til utviklinga i konsumprisindeksen og transportkostnadsindeksen for toaksla renovasjonsbil frå Statistisk Sentralbyrå.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

ÅRIM har i 2014 starta eit arbeid med å gjennomføre systematiske plukkanalyser. Dette er ein metode som nyttast for å analysere materialstraumane selskapet handterer og effekten av kjeldesorterings- og kommunikasjonstiltaka selskapet gjennomfører.

SAMFUNNSANSVAR

I innkjøpsstrategien til ÅRIM er det mål om å innarbeide omsynet til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og arbeid mot korrupsjon i alle kontraktar selskapet inngår.

I 2014 har ÅRIM gjennomført kontroll av løns- og arbeidsvilkår i tre av dei største transportkontraktane til selskapet. Kontrollen med Miljøservice AS og Sunnmøre Transport AS blei gjennomført som ein dokumentkontroll. Det blei ikkje avdekket avvik mot kontrakt eller regelverk. I kontrollen med RenoNorden AS blei dokumentkontrollen supplert med ein verifikasjon der 19 lokalt tilsette renovatørar blei kontrollert under utføring av arbeid. I samband med verifikasjonen blei timelister, bankutskriftar, lønsslippar og arbeidsavtaler kontrollert. Konklusjonen var at RenoNorden AS har ryddige løns- og arbeidsvilkår for sine tilsette. RenoNorden AS fekk merknad om at dei for framtida bør sjå til at alle arbeidsavtalar er signerte av tillitsvald, samt at alle arbeidskontraktar er signerte før start av arbeidsforholdet.

YTRE MILJØ

Selskapet arbeider systematisk for å redusere miljøbelastninga på tre felt:

1. Ved å gi innbyggjarane i Ålesundregionen eit best mogleg tilbod, for dermed å auke mengdene avfall som går til gjenvinning.
2. Ved å stille strenge krav til leverandørane om å ta miljøomsyn ved gjennomføringar av aktivitetar for ÅRIM.
3. Ved å arbeide for å redusere miljøbelastninga av administrasjonen og drifta av selskapet sjølv.

I drifta av selskapet i 2014 er det innsamlingsarbeidet samt gjenvinning av restavfall som har hatt størst negativ miljøverknad. ÅRIM handterte i 2014 over 2 500 tonn miljøfarleg avfall. Selskapet legg stor vekt på sikker oppsamling, transport og behandling av dette avfallet. Alt farleg avfall selskapet tek imot frå innbyggjarar og næringsliv blir vidare sendt til godkjend sluttbehandling innan seks månader.

ARBEIDSMILJØ OG VERNEARBEID

Selskapet er knytt til ei verne- og helseteneste. Det er utarbeid ein handlingsplan for HMS-arbeid i ÅRIM med vekt på å førebygge sjukdom og auke trivsel. I 2014 blei det gjort tilpassingar i kontorlokala for å redusere støy. Det er også gjennomført førstehjelpskurs. I samband med overtakinga av miljøstasjonstilbodet i 2015 er det også gjennomført HMS-gjennomgang av kvar enkelt miljøstasjon. Ved framlegginga av årsrekneskapet blir arbeidsmiljøet vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje registrert skadar eller ulykker, verken personskadar eller materielle skadar.

PERSONAL

Ved utgangen av 2014 var det ti tilsette i selskapet, fem menn og fem kvinner. Totalt hadde selskapet 12,8 årsverk i 2014, dette inkluderer innleigd vikarbistand. Det vart tilsett tre nye medarbeidarar i 2014; desse startar i 2015. Dei tre, ein driftsmedarbeidar, ein fakturaansvarleg og ein kundekonsulent, var tilsett i midlertidige stillingar i 2014. Sjukefråværet i 2014 var 83 arbeidsdagar, eit fråvær på 2,8 prosent.

LIKESTILLING

Styret har i 2013 hatt tre menn og fire kvinner. Leiargruppa i ÅRIM har fire menn og ei kvinne. Selskapet sin personalpolitikk er

kjønnsnøytral. Det er ikkje planlagt eller sett i verk tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling. Det har ikkje komme tilbakemeldingar på at nokon opplever selskapets personalpolitikk som kjønnsdiskriminerande.

REPRESENTANTSKAP OG STYRE

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det seksten medlemmer frå dei tolv eigarkommunane. Representantskapet hadde 2 møte i 2014, i tillegg arrangerte styret eit eigarmøte for representantskapet og eigarkommunane. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret hadde 10 møte i 2014 og behandla totalt 81 saker. I tillegg hadde styret ei strategisamling.

FORTSATT DRIFT

Etter styret si vurdering gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med notar eit rett bilete av verksemda sitt resultat for 2014, og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Det har ikkje kome fram tilhøve eller hendingar etter avslutninga av rekneskapen som får

innverknad på denne vurderinga. Styret stadfestar at føresetnadane for framleis drift av selskapet er til stades ved framlegging av årsrekneskapen.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERING

